



Renate Sørvik
Austre Heiane 19
5919

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/107 - 19/1233

Saksbehandlar:
Inga Lill Holen
inga.lill.holen@meland.kommune.no

Dato:
21.01.2019

Tilbakebetaling av feieavgift GBNR 27/259

Ved ein inkurie har ikkje brann- og feievesenet fått beskjed om at din eigedom gbnr. 27/259 har eit fyringsanlegg. Kommunen beklager dei ulempene det har medført deg at det ikkje har vore blitt utført feiing og tilsyn.

Som følge av det ovannemnde vil kommunen betale tilbake det beløpet du har betalt for ei teneste du ikkje har fått. Etter det kommunen er opplyst om har du betalt feieavgift sidan du installerte pipe i august 2013. Kommunen vil difor betale tilbake feieavgifta frå 2013 til 2018. Beløpet som leggjast til grunn er i samsvar med det du har innbetalt kvart enkelt år i perioden.

Då di eigedom har eit fyringsanlegg vil di eigedom frå dags dato av bli registrert med ildstad i kommunens eigedomsregister. Brann- og feievesenet vil i framtida sørge for feiing og tilsyn med ditt fyringsanlegg. Når det gjeld hyppigheiten av tenesta er det behovsprøvd, då behovet for feiing for den enkelte bustad varierer, jf. § 17 i forskrift om brannforebygging av 17.12.2015. Herunder har nokre bustader behov for feiing oftare enn andre, avhengig av kvalitet på omnen og kor mykje han er i bruk. Meland kommune legg opp til at alle skal ha feiing og tilsyn minst kvart 6. år. Du vil bli kontakta når feiing og tilsyn er aktuelt for deg.

Med heimel i brann- og eksplosjonsvernloven av 14.06.2002 § 28 tredje ledd har kommunen heimel til å kreve feieavgift til dekning av lovbestemt feiing. Kommunen kan difor krevje feieavgift frå deg frå dags dato av. Feieavgifta vil inngå i dei elles kommunale avgiftene.

Vidare vil Meland understreke at feieavgifta ikkje er knytt til tidspunktet for når den enkelte feiing eller tilsyn vert gjennomført. Derimot er kostnadene rekna ut frå ein gjennomsnittleg årleg pris. Avgifta gjeld følgeleg for kvart år uavhengig når eller om tjenesten finn stad.

Vi vil elles gjere deg merksam på at feietenesta i Meland kommune inngår i den felles brannordninga for Lindås og Meland, der Lindås kommune er vertskommune. Meland kommune er berre ansvarleg for fastsetting og innkrevjing av feie- og tilsynsgebyr. Alle spørsmål som gjeld gjennomføring av feiing og tilsyn må difor rettast mot Lindås kommune.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

I samband med tilbakebetalinga ber vi deg om å sende ditt kontonummer til Inga Lill Holen på mail inga.lill.holen@meland.kommune.no. Dersom du har spørsmål ber vi deg om å ta kontakt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Inga Lill Holen
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Renate Sørvik

Austre Heiane 19 5919